

Rettleiing


Skjemaet «Sett hjort» gir oss viktige opplysningar om utviklinga i hjortebestanden. Dette er verdifull hjelp for å få kunnskap om den lokale hjortebestanden. Du og observasjonane til jaktlaget ditt er viktige i dette arbeidet. Ver derfor nøye med å fylle ut «Sett hjort»-skjemaet **kvar dag**, også dei dagane jaktlaget jaktar utan å sjå hjort.

Viktige punkter ved utfylling:

- Sett hjort på innmark skal førast på eiga linje som ein eigen jaktøkt. Hugs å kryssa av i kolonnen «innmark».
- I kolonnen «talet på timar laga jakta» fører ein kor mange timar jaktlaget faktisk brukte til observasjon. Dersom 4 jegerar har jakta i 6 timar, skal det føres 6 timar i rubrikken «talet på timar laget jakta» og 4 i rubrikken «talet på jegerar».
- Med spissbukk blir meint bukkar som har éi gevirstong utan forgreiningar på kvar side.
- Alle direkte observasjonar av hjort skal førast, uavhengig av om hjorten er sett tidlegare same dag av same jeger eller andre jegerar i jaktlaget.
- Berre direkte observasjonar av setja dyr skal takast med og berre observasjonar gjort under ordinære jaktdagar.
- Valdsansvarleg må bidra til at jaktlaget fyller ut skjema kvar dag.


Aldersbestemming av skotne hjort

Dette skjemaet kan ikkje brukast for andre hjortedyr.



Ca. ½ år

Hjorten har første hausten etter at han er fødd, 4 kinntenner i kvar kjevehalvdel. Den 3. kinntanna framifrå er på dette alderssteget tredelt (a, b, c).



Ca. 2 ½ år

Når hjorten er 2 ½ år, har han fått 6 kinntenner. Den 3. tanna framifrå er no ny og todelt (a, b). Dei tre fremste tennene er nye og utan slitasje. Tannsettet er no fullt utvikla.


Sette elg

Registrering av sett elg gir forvaltninga ei betre oversikt over utbreiinga av elg og kor stor bestanden er i område der arten er nyleg etablert eller førekjem spreidd. Eige «Sett elg»-skjema nyttast i område der òg elg blir jakta på under hjortejakta.

Sette rovdyr


I forvaltninga av både hjortevilt og rovdyr vil det vera viktig å få auka kunnskap om bestandane av gaupe, jerv, bjørn og ulv.

* Her blir ført det samla talet rovdyr som vart sett under hjortejakta. Berre direkte synsobservasjonar blir tekne med.




Ca. 1 ½ år

Hjorten har andre hausten etter at han er fødd, 5 kinntenner i underkjeven. Den 3. tanna framifrå er framleis tredelt (a, b, c).



Ca. 3 ½ år

Når hjorten er 3 ½ år og eldre, blir alders- bestemminga etter skjøn. Slitasjen på tennene er avhengig av kor harde tennene er, og av dei næringstilhøva hjorten lever under. For ein 3 ½-åring er dei 3 første kinntennene ubetydeleg slitne.



Eldre enn 3 ½ år

Eldre dyr (3 ½ år og eldre) kan alders- bestemast ved sliping av tennene – som gjer at ein får fram vekstsoner i tennene – på tilsvarende måte som årringar på tre.